



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12729-6

Flora kommune – svar - Kommunal planstrategi 2016 – 2020 og Samfunnsdelen til kommuneplanen 2016 – 2020

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner det er eit godt grep Flora kommune har gjort med å kople saman arbeidet med planstrategi og samfunnsdelen i kommuneplanen. Dette forenklar planprosessane og kan bidra til å styrke deltakinga lokalt.
2. Samfunnsdelen i kommuneplanen tek tak i viktige utfordringar for Flora, og er tydelege på retninga for kommunen innan dei ulike fagtema.
3. Fylkesutvalet ber om at faglege merknadar til samfunnsdelen i saksutgreiinga, vert vurdert inn i endeleg plandokument.
4. Fylkesutvalet forventar at det i arbeidet med den kommunale planstrategien vert vist til dialogen med nabokommunane og at Flora kommune og Florø by si rolle som del av ein større bu - og arbeidsmarknadsregion, vert drøfta.
5. Fylkesutvalet forventar at den kommunale planstrategien konkretiserer kva for regionale planar kommunen meiner det er behov for og vil forplikte seg til å delta i.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Utkast til Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016 – 2020 (2028)

Utkast til Kommunal planstrategi - Flora kommune 2016-2020.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Flora kommune har lagt *Kommunal planstrategi Flora kommune 2016 – 2020* og *Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016 – 2020 (2028)*, ut på høyring.

Delegeringsreglementet gjev FU mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen. Frist for uttale er sett til 26. mai for begge plandokumenta. Kommunen er kjent med at FU vil handsame saka i sitt møte den 01.06.

2. Vurderingar og konsekvensar

Generelt

Flora kommune er ein av to kommunar i fylket som utarbeider planstrategien samtidig som dei rullerer samfunnsdelen. Dei la grunnlaget gjennom eit felles planprogram.

Fylkeskommunen ser at dette både er ein rasjonell måte å gjennomføre det lovpålagte planarbeidet på og det verkar lettare å engasjere innbyggjarane i drøftingar og vegval for samfunnsutviklinga i kommunen. Kommunen lagar lefftattelege dokument som bidrar til å styrke dialogen med andre aktørar.

Planstrategien har blitt administrativt utarbeidd på bakgrunn av arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen, og gjennomgang/evaluering av gjeldande planstrategi.

Kommunen har definert samfunnsdelen som det overordna strategiske plandokumentet og utarbeidd planstrategien som ein del av oppfølginga av samfunnsdelen. Dette gir ei god forståing av korleis dei har tenkt å nytte planlegging som eit aktivt verkty i samfunnsutviklinga.

Samfunnsdelen i kommuneplanen og den kommunale planstrategien viser samla sett at kommunen tek tak i dei viktige utfordringane og legg eit løp for å følgje dette opp. Det er og etablert god kopling mellom langsiktig planlegging og årsplanlegging/budsjett.

2.1 Merknadar til samfunnsdelen

Kulturminne og kulturmiljø

Til kap. 5.Kultur og idrett

Det er positivt at kulturminne har fått eige omtale i samfunnsdelen i kommuneplanen og at utvalde satsingar er konkretisert:

- Bymiljøet i Florø sentrum er del av det nasjonale registeret over byer og tettstader i Noreg med kulturmiljø av nasjonal interesse. Dette gjer at det må visast særlege omsyn i forvaltning og utvikling av bymiljøet i sentrum. Det er positivt at dette vert framheva i samfunnsdelen.
- Det er gjeve ei opplasting av kulturminne som vert vurdert som særleg viktige (Kinn kyrkje, helleristningsfeltet i Ausevik, steinkrossen på Svanøy, galeasen Svanhild, båten Atløy, fornminna i Brandsøy, gravrøysene i Årebrot, krigsminna på Florelandet). Vi er samd med kommunen i vurderingane av desse som særleg viktige. I tillegg vil vi peike på Svanøy hovudgard og fyra Stabben, Ytterøyane og Kvannhovden, som viktige kulturminne for Flora.
- Sjøhusmiljøa vert framheva som ein viktig del av Flora sin identitet som kystkommune. Gjennom arealplanen er det føreslege at minimum **eitt** sjøhusmiljø skal gjevast ekstra vern gjennom omsynssone H570. Som vedlegg til kommuneplanen sin arealdel, som no ligg ute på høyring, er det utarbeidd ein rapport for bruk og vedlikehald av sjøhus i Flora. Det er her konkretisert føresegner og retningslinjer som opnar opp for bruksendring av sjøhusa. Ved å sette eit lågt tal på sjøhusmiljø kommunen har ambisjon om å sikre gjennom ekstra vern, stiller vi spørsmålsteikn ved om kommunen klarar å sikre eit tilstrekkeleg representativt utval autentiske sjøhusmiljø for bevaring for framtida og gjennom dette gje dei tilstrekkeleg status. Ein slik status kan opne opp for tilskot til istandsetting frå Norsk kulturminnefond mv.
- Det er positivt at krigsminna vert gjeve særleg vern gjennom omsynssone H570 ved revidering av sentrumsplanen og KPD Florelandet Brandsøy.
- I staden for å utarbeide eigen kulturminneplan, har ein valt å utarbeide Handlingsplan for kulturminne med fokus på formidling og forvaltning av særleg viktige kulturminne. Her vert det prioritert kulturminne som kommunen vil ta vare på og utvikle som ressurs for framtida. For å forankre arbeidet som er skissert i handlingsplanen i overordna planarbeid, meiner vi utvalet som er gjort må innlemmast i arbeidet med arealplanlegginga (bruk av omsyns-soner).
- Det er positivt at kommunen ynskjer å etablere eit fond for utvikling og istandsetting av kulturminne. Dette bør koplast opp mot arbeidet med økonomi og budsjettplan.

Kulturminne og kulturmiljø representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. Dei er viktige for identitet og trivsel og gjev stader særepreg og eigenart. I tillegg kan dei vere ein ressurs for god lokalsamfunns- og næringsutvikling.

Som eit innspeil til samfunnssdelen vil vi peike på at både Kinn kyrkje og steinkrossen på Svanøy inngår som utvalde kulturminne langs Kystpilegrimsleia og er peika ut som aktuelle stopp langs pilegrimsruta. Prosjektet Kystpilegrimsleia har som mål å etablere ei pilegrimsrute langs kysten frå Rogland til Trondheim. Reisa langs kysten skal vere tilrettelagt for moderne pilegrimar ved å gje dei tilbod om mat, overnatting, hamneforhold og transport. Det er her naturleg å sjå nærmare på korleis galeasen Svanhild, Atløy og andre veteranbåtar kan nyttast som transportmiddel på etappar langs kystleia.

Vi meiner Flora har gode føresetnader for å kunne ta aktiv del i dette arbeidet og oppmodar om at ein ser nærmare på korleis kommunen, Kystmuseet, lokalt reise- og næringsliv, kyrkja og fri-viljuge lag og organisasjonar kan arbeide saman for å skape auka aktivitet og verdiar knytt til desse prioriterte kulturminna.

Til kap. 3. Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse og til kap. 8. Klima og miljø

Til punktet som omhandlar det å tenkje miljøeffektivt og berekraftig og rette seg mot ein sirkulær økonomi som kan behalde ressursar lengre i materialkretslopet, meiner vi det vil vere naturleg å omtale bevaring, istandsetting og bruk av verneverdige bygg og bygningsmiljø. Bruk av eksisterande bygde ressursar er ofte miljøvenleg samanlikna med det å bygge nytt.

Folkehelse

Folkehelsearbeid handlar om kva slags samfunn vi vil ha når det gjeld å sikre innbyggjarane sine levekår og livskvalitet. Det handlar også om korleis og med kva verkemiddel vi kan ta i bruk for å nå måla i lokalsamfunna. Likeverd, deltaking, sosial utjamning og tiltak for å hindre fattigdom, er føringar som ligg både eksplisitt og implisitt i Lov om folkehelsearbeid (2012).

Som grunnlag for folkehelsearbeidet skal kommunar og fylkeskommunar gjennomføre undersøkingar og kartleggingar. Helsedirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for denne kartlegginga (*God oversikt – en forutsetning for god folkehelse, IS-2110*). I følgje denne er det *levekåra* til innbyggjarane som skal kartleggast. Fleire faktorar vert lagt til grunn for denne kartlegginga som: økonomi, inntekt, utdanning, sysselsetting, bustad, fritid (deltaking og sosial inkludering, mellom anna) og kartlegging av fysisk og sosialt miljø. Helse er knytt opp mot levevanar, sjukdom og risikofaktorar. Dermed vil tiltak kunne utkrystallisere seg for heile breidda i samfunnet.

Samfunnsplanen til Flora kommune reflekterer at dei har eit gjennomgåande perspektiv på folkehelse og levekår.

I kap. 1 Oppvekst får dette perspektivet eit godt løft i satsinga på barnehage og skulesektoren for å sikre deltaking, inkludering og mestring. Det kjem godt til syn ved at ein vil «heller sjå på progresjon enn prestasjon».

I kap. 2 Bustadar er levekårsperspektivet klårt med søkjelys på trivsel og integrering og tilrettelegging for grupper med ulike behov.

I kap. 4 Samferdsle og infrastruktur er det lagt vekt på trafikktryggleik og trygg skuleveg.

I kap. 5 Kultur og idrett er søkjelyset på å legge til rette for oppleveling, opplæring og deltaking for alle. Dette er heilt sentrale verdiar i arbeidet med levekår. Dette kjem spesielt godt fram ved at Flora folkebibliotek skal verte vidareutvikla som eit lågterskeltilbod og møteplass på tvers av kulturar, generasjonar og språk, gjerne i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

I kap. 6 Helse og omsorg bør det takast ei ny vurdering av prikkpunkt 2 av di innbyggjarane berre til ein viss grad/i ulik grad kan ta ansvar for eiga helse og alderdom. Førebygging, rehabilitering, teknologi, bustadtilpassing og fysisk aktivitet må og vere knytt til andre aktørar. «Helse i alt vi gjer» handlar her om offentleg sektor eller kommunen sitt ansvar eller rolle.

Kap 7 Folkehelse reflekterer Lov om folkehelsearbeid slik den er utforma i dag. Delvis med tiltak i følgje tradisjonell biomedisinsk førebygging: fysisk aktivitet og sunt kosthald. Men også tiltak

retta mot born, unge og vaksne som skal sikre deltaking for alle og utjamning av sosial ulikskap.

Det er positivt at Flora kommune har lagt eit gjennomgåande perspektiv på levekår i kommune-planen sin samfunnssdel.

2.2 Merknadar til Planstrategien

Planstrategien tek tak i utfordringar og konkrete mål for utviklinga som ligg i eigen kommune og i satsingane i regional planstrategi. Det er godt samsvar mellom dei måla for regional utvikling som ligg i regional planstrategi og dei måla og ambisjonane kommunen set seg for eige utviklingsarbeid.

Vi opplever og at kommunen er realistiske når det gjeld planambisjonar og flinke til å knyte saman behov for planar og prioritere mellom dei.

Frå regionalt nivå saknar vi at planstrategien heilt konkret tek tak i framlegget til regionale planar og gjev ei vurdering av eigen deltaking i dette. Skal til dømes Kystplanen som ein strategisk plan, bli ein realitet, må denne bli forankra i planstrategien til den einskilde kommune med vurdering av deltaking og forplikting.

Ei anna viktig forventning til arbeidet med ein kommunal planstrategi, er å vere i ein aktiv dialog med nabokommunar. Planstrategien er utarbeidd gjennom ein intern prosess utan at det er vist til kva for dialogar og samtalar dei har ført med nabokommunar om felles utfordringar og opp-gåver dei må løyse saman med andre. I dette bør det og gjerast ei drøfting av Flora kommune og Florø by si rolle som del av ein større bu - og arbeidsmarknadsregion.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner Flora kommune har eit godt grep om den overordna planlegginga. Jf. tilråding til vedtak. Fylkesrådmannen legg til grunn at saksutgreiinga følgjer som del av uttalen frå fylkeskommunen.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑